



SKULEPLAN GENERELL DEL

Innhald

Innleiing.....	2
Grunnlag og formålsbestemming.....	2
Grunnlag.....	2
Føremål.....	3
Merknader til formålsføresegna.....	3
Teologiske og ideologiske prinsipp.....	4
Dåpsopplæring.....	5
Heim og skule.....	5
Skulesamfunnet	5
Pedagogisk grunnsyn.....	6
Integrering av tru og fag.....	6
Læring og undervisning.....	6
Kultur.....	7
Læremiddel	9
Andre forhold.....	9
Organisasjon, opptak og økonomi.....	10
Organisasjon.....	10
Opptak av elevar.....	10
Økonomi/skulepengar.....	10

Innleiing

Jærtun Lutherske Friskule vil driva kristen friskule som eit alternativ til den offentlege grunnskulen. Skulen skal vera ei hjelp til foreldre som ynskjer hjelp til ei solid kristen undervisning og oppseding på evangelisk–luthersk grunn.

Skulen har eigen skuleplan. Denne er todelt: Den generelle delen og fagplandelen. Den generelle delen er det overordna, forpliktande grunnlaget for skuledrifta. Fagplandelen byggjer på den generelle delen. Han seier kva som er lærestoff i kvart einskilt fag på kvart einskilt klassetrinn.

I forhold til læreplanverket i den offentlege grunnskulen, har nokre av faga heilt eigne fagplanar. For resten av faga vil forskjellen avgrensa seg til målformuleringar og kommentarar; elles er planane like i desse faga.

Skuleplanen skal fyrst og fremst vera eit forpliktande styringsdokument for lærarane og skulen sine styre- og rådsorgan. Han skal og fortelja foreldra som vil senda borna sine til skulen, kva slag skule dei vil møte.

Grunnlag og formålsbestemming

Grunnlag

Grunnlaget for skulen er den Heilage Skrifta, forstått og brukt i lys av Bibelen sitt eige Kristus-vitnemål og skriftsynet til Jesus og apostlane; det vil seie:

Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv. Bibelen er Guds Heilage Ord, gjeve ved Den Heilage Ande, truverdig og urikkande, heilt igjennom Guds Ord gjeve i menneskeleg språk.

Bibelen sitt ord – slik det opphavelig vart gjeve – er utan feil og sjølvmotseiingar i alt det uttalar seg om når det vert forstått i samsvar med sine egne føresetnader. Skrifta sine ord må tolkast ved Skrifta sjølv. Bibelen er Guds openberringsord, gjeve oss som vegleing til frelse og evig liv. Han er den einaste sanne og fullt ut tilstrekkelege, klare og absolutte autoritet og norm i alle spørsmål som vedkjem kristen tru, lære og liv.

Den evangelisk-lutherske læra, som er nedfelt i vedkjenningsskriftene åt Den norske kyrkja, er i samsvar med Skrifta og følgjeleg vedkjenningsgrunnlag for verksemda ved skulen. Sentralt i denne læra står overtydinga om ”Skrifta åleine”, ”rettferdigginginga ved tru på Kristus åleine”, og den evangeliske kyrkjeforståinga som legg vekt på det ålmenne prestedømet og nådegåvehushaldet.

Føremål

Skulen skal ved Guds nåde, - i forståing og samarbeid med heimen:

- ◆ Gje borna kristen undervising og oppseding som Guds ord føreset. Kristendomsundervisinga ved skulen er ein vesentleg del av dåpsopplæringa.
- ◆ Skulen skal leggja til rette for at elevane, i møte med Guds ord og eit kristent miljø, kan verta vunne for Kristus, få næring og vekstvilkår for trua og von om evig liv.
- ◆ Ved å gje solid kristendomsopplæring og gode ålmennekunnskapar, og ved å søkja å utvikla den einskilde elev sine evne og anlegg, vil skulen gje hjelp til å kunna leva eit rikt liv til ære for Gud og til gagn for medmenneska.

Merknader til formålsføresegna

Foreldra har, som ei gudgjeven oppgåve, hovudansvaret for undervising og oppseding av borna sine. Ved å senda born til skulen overlet dei ein del av dette ansvaret til skulen.

Skulen forpliktar seg til å hjelpa foreldra med denne oppgåva i samsvar med skulen sitt grunnlag, formål, undervisningsplanar og reglement.

Eit nært samarbeid mellom skule og heim er ein føresetnad for å nå skulen sine mål.

Guds ord skal ha ein sentral plass i skulen. Elevane skal møta Ordet ved forkynning og gjennom arbeid med bibeltekstar og anna undervisningsstoff. Denne undervisinga må gjerast meiningsfylt for elevane på alle klassetrinn ut frå føresetnadene deira.

Skulen si leing og lærarane ved skulen skal leggja til rette for at alle i skulesamfunnet kan leva truslivet på skulen gjennom bøn, song, forkynning, vitnesbyrd og teneste. Gjennom dette vil elevane og møta Guds kall til omvending og tru.

Undervisninga må ikkje på noko punkt koma i strid med Bibelen og vedkjenninga. Kristne haldningar og eit kristent verdisyn må prega undervisninga i alle fag. Ho må gjera det mogeleg for elevane å kunna læra å forstå seg sjølv og andre som:

- ◆ Skapte av Gud til eit liv i ei verd skapt av Gud
- ◆ Falne skapningar som er gjenstand for Guds frelsande kjærleik i Jesus Kristus.
- ◆ Æve-vesen som skal stå til ansvar for Gud.

Skulen skal arbeida for at han kan opplevast som eit fellesskap prega av tillit, ærlegdom, open framferd og respekt for einskildmennesket sitt verd - ein stad der takksemd og glede naturleg høyrer heime. For at alle i skulesamfunnet skal kunne trivast, vil skulen og leggja vekt på god orden og disiplin. Brot på reglement og normer må føra til reaksjon prega av fast omsorg og kjærleik, og det må vera rom for oppgjær og tilgjeving.

Skulen har eit utvida timetal i kristendomsfaget, men det

tyder ikkje ein tilsvarande reduksjon av kvalitet og omfang i andre fag i høve til den offentlege skulen. Skulen vil difor gjera sitt beste for å:

- ◆ Utrusta elevane med god kunnskap og dugleik
- ◆ Utvikla dei evnene og anlegga Skaparen har lagt ned i den einskilde.
- ◆ Motivera elevane til å yta sitt beste.
- ◆ Setja den einskilde eleven i stand til å fylla plassen sin i heim og forsamling, arbeids- og samfunnsliv.
- ◆ Formidla kallet til vitneteneste og misjon.

Opplæringa i skulen må søkja å framelska eit ekte tenarsinn hjå elevane. Dei må verta utfordra til å vera opptekne av kva som er til det beste for medmenneska deira, og til å spørja etter kva Gud vil i alle situasjonar i livet.

Pedagogisk plattform

Teologiske og ideologiske prinsipp

Skriftsyn

Heile Bibelen er Guds inspirerte og truverdige ord og den overordna norma for tru, lære og liv.

Menneskesyn

Kvart menneske er skapt av Gud. Alle menneske har same verd, uansett rase, kjønn, alder, evner og anlegg.

Alle har del i menneskeslekta sitt fall frå Gud og er fødde med mennesket sin ibuande vondskap – arvesynda. Dette inneber at mennesket må verta frelst ved Jesus Kristus for å koma inn i Guds rike.

Menneska sin falne natur inneber likevel ikkje at dei har mist evna til å gjera det som er rett, godt og gagnleg seg i mellom. Gjennom undervisning og oppseding kan menneska, uavhengig

av deira forhold til Gud, verta gjevne høve til i ein viss grad å realisera Guds gode formål i denne verda.

Dåpsopplæring

Kristendomsopplæring i skulen er ei hjelp for foreldre og kyrkje/forsamling til å oppfylla den forpliktinga som ligg i dåpen.

Heim og skule

Skulen, som har sin basis i Jærtun Opplæring, er forplikta til å hjelpa foreldra med å gje eleven ei kristen undervisning og oppseding i tråd med Bibelen og dei evangelisk-lutherske vedkjenningskriftene som skulen

byggjer på. Skal dette lukkast, må det vera nær kontakt mellom heim og skule.

Foreldre og lærarar må saman gjera kva dei kan for å skapa ein open og trygg atmosfære seg imellom, noko som er avgjerande for at elevane skal trivast på skulen.

Skulen må leggja opp til samarbeidsmåtar som fremjar personleg kontakt med kvar einskild elev. Samarbeidet med heimen må planleggjast, og skulen må gje god informasjon om det som skjer på skulen, både generelt og med den einskilde eleven.

Skulen må kunna forventa at heimane støttar lojalt opp om den undervisinga som vert gjeven og dei haldningane skulen vil formidla. Elevane vil elles lett kunna koma i ein lojalitetskonflikt som kan få negative følgjer for utviklinga deira.

Skulesamfunnet

Heile skulesamfunnet bør pregast av det kristne livssynet der gudsfrykt og høvisk ferd, nestekjærleik og respekt for den einskilde råder.

Skulen si verksemd vert regulert gjennom lover, instruksar og skulen sine eigne planar. Partane i skulesamfunnet kan ta opp og uttala seg om saker før ei avgjerd vert teken, mellom anna om lokale planar og opplegg.

Elevane

Skulen skal hjelpa elevane til å sjå seg sjølve som elska av Gud og uendeleg mykje verd.

Den einskilde eleven må visast respekt for sin person og sine føresetnader, og det er viktig at skulen gjev elevane eit positivt og realistisk sjølvbilete.

Elevane bør sjåast på som samarbeidspartnarar i skulesamfunnet. Samstundes er dei menneske i utvikling som må læra å ta meir og meir ansvar.

Sjølv om elevane er like mykje verde som dei vaksne, må dei i samsvar med det fjerde. bodet respektera og lyda dei som er sette som oppdragarar og lærarar i skulesamfunnet.

Lærarane

For at skulen skal nå måla sine, er det ein føresetnad at skulen sine lærarar er vedkjennande kristne som står på ein bibeltru evangelisk-luthersk grunn.

Lærarane må kunna stå inne for skulen sine mål for undervisning og oppseding, og må vera seg medvitne både generelle og faglege mål ved planlegging av undervisninga.

Dei må sjå seg sjølve som førebilete, leiarar og vegleiarar for elevane, og må ha omsut for deira åndelege og lekamlege vel. Ein føresetnad for at lærarane skal fungera godt, er at dei trivst sammen med elevane, og at dei har evna til å inspirera og motivera.

Foreldra

Foreldra har ei dobbelt rolle i skulesamfunnet. Sett frå ei side er dei skulen sine oppdragsgjeverar, samstundes som dei er ein viktig part i skulen sitt daglege liv.

Som part i skulesamfunnet har dei del i skulen si omsut for den einskilde eleven. Samstundes skal dei vera med å gje skulen råd gjennom dei rådgjevande organa.

Pedagogisk grunnsyn

Integrering av tru og fag

Trua på Gud som himmelen og jorda sin Skapar og Herre vil påverka og visa seg i heile undervisninga og oppsedinga.

Læraren må presentera undervisningsstoffet slik at det vert mogeleg for elevane å sjå samanheng mellom dei ulike emna og integrera dei i eit kristent syn på livet og tilværet.

Læring og undervisning

Læring skjer ved at det nye vert forstått ut frå det kjende. Dei omgrepa elevane allereie har, avgjer kva dei kan gripa og fatta. Skulen må, så langt det er naturleg, leggja til rette for konkretisering av lærestoffet både ved innlæring av teoretiske kunnskapar og haldningar, så vel som ved praktiske dugleikar. Elevane må få høve til å skjønna samanhengar og heilskapar meir enn detaljar. Det er viktig å knyta kontakt mellom faga der det er naturleg.

Elevane må øvast opp til ei sunn, kritisk haldning til den påverknaden som møter dei.

Undervisninga må vera slik at ho utfordrar elevane sin lærings- og skapartrøng. Dei må stimulerast til å finna nye løysingar ved å bruka det dei allereie kjenner på nye måtar. Undervisninga må organiserast slik at ho vert meiningsfylt og utviklande for den einskilde eleven. I tråd med skulen sitt menneskesyn må alle elevane få eit

likeverdig tilbod om undervisning. Dette inneber ei individuelt tilpassa opplæring ut frå den einskilde sine føresetnader og behov, så langt råd er innanfor dei ressursane skulen rår over.

Skulen må kjenna ansvar for elevane si kroppslege og mentale helse.

Samstundes må eleven sjølv ta medansvar for eiga læring og utvikling ved å yta sitt beste.

Opplæringa må og fremja ansvar og omsut for andre ved å gje praksis i å meistra sosiale situasjonar og utvikla innleving og medkjensle for andre.

Skulen må søkja å ta vare på og nytta seg av verdfulle idear i nyare pedagogisk tenking – i den grad dei ikkje kjem i konflikt med idegrunnlaget til skulen.

Kultur

Gjennom kulturell aktivitet skal skulen søkja å utvikla den einskilde sin personlegdom, og skapa eit miljø der elevane kan realisera sitt menneskeverd, i fridom og ansvar.

Ut frå skapartanken og normgrunnlaget i Bibelen vil skulen gjennom si pedagogiske verksemd gje akt på alt som er godt og verdfullt. Difor bør elevane verta utfordra til å ta del i positiv og byggjande kulturaktivitet i skule-, arbeids- og samfunnsliv. Samstundes bør læraren kjenna ansvar for å rettleia elevane og eventuelt åtvara dei mot kulturaktivitetar som krenkar Guds bod og vilje. Elevane

bør minnast på omsynet til sitt eige kristenliv og faren for at dei gjennom sine val kan føra andre til fall. Samstundes må ikkje samvita bindast utover det Bibelen gjev grunnlag for.

På bakgrunn av dette overordna synet er det viktig at personalet på skulen er medvitne på slike område som er nemnde nedanfor.

Massemedia

Massemedia (radio, fjernsyn, aviser, internett m.m.) har stor påverknadskraft, og det er ofte massemedia som styrer ordskiftet og pregar folk sitt synet og haldningane til folk.

Massemedia ser det ofte som si oppgåve å bringa fram stoff som fengjer, meir enn å gje objektiv og grundig informasjon. Difor er det viktig å vera kritisk til den formidlinga av røyndomen som massemedia gjev.

Mykje nyttig samfunnsopplysing og god kultur kan formidlast gjennom desse media, men ofte er det andre åndsretningar enn den kristne som dominerer. Skulen ynskjer difor å halda fram som positivt ein kritisk bruk av massemedia.

Både heim og skule må oppøva elevane til gradvis å ta eit sjølvstendig ansvar for kva dei let seg påverka av.

Teater og kino

Det kan formidlast mykje god kultur både i teater og på kino. Mykje av det som vert vist, er likevel dårleg underhaldning og verkar nedbrytande. Mykje er og i direkte strid med Guds ord. Skulen vil difor vera varsam

med å bruka teater- /kinobesøk som ein del av undervisinga.

Biletkunst og litteratur

Menneske si evne til å laga vakre ting, skriva dikt, forma skulpturar osv. er gjeven av Gud. Kunsten har difor si meining som Guds gåve.

Det er viktig at elevane vert øvde opp til å bli glade i god kunst og litteratur. Ei rett vurdering av kva som er godt og dårleg vil m.a. innebera ei vurdering av om innhaldet er i strid med kristen tru og etikk.

Musikk

Musikk kan, som all anna estetisk verksemd bli brukt både i det gode og i det vonde si teneste. Musikken må difor vurderast etter det formålet og dei verknadene den har.

Musikken talar fyrst og fremst til mennesket sitt kjensleliv og kan framkalla fest og glede, lauslivnad og ekstase, sorg og sagn, kamplyst og mot, konsentrasjon og høgtid, andakt og ettertanke.

Det er viktig at elevane får positive opplevingar av vokal og instrumental musikk i skulen slik at dei kan bli glade i god musikk. Musikken må opplevast som noko anna enn lett tilgjengeleg og billig forbruksvare.

Musikk kan formidla ein kultur som står i motsetnad til og motverkar eit kristent verdisyn. I skulen må elevane gjerast medvitne på korleis musikken formidlar verdjar.

Dans

Dans er omtala i GT (Det Gamle Testamentet). Dei fleste kulturar kjenner også ulike former for dans. Formålet med dansen og dei rammene han vert sett inn i, vil gjera at kristne vil vurderer dans på ulike måtar i ulike kulturar.

Mange dansemiljø er prega av alkoholmisbruk , ”sjekking” og leik med seksuelle kjensler. Desse dansemiljøa representerer ei så stor freisting til umoral at det må bli åtvare mot desse.

Dans skal ikkje nyttast i undervisninga i vår skule. Vi vil i staden leggja meir vekt på sansemotorisk trening. Song-leikar og liknande vert i denne samanhengen ikkje rekna som dans.

Drama og rollespel

Dramatisering som pedagogisk metode kan med fordel brukast i ein del samanhengar. Denne metoden kan på ein inspirerande måte få elevane aktivt med i undervisningsprosessen.

Ved dramatisering av bibelske tekstar og emne må ein sjå til at respekten og ærefrykta for Gud ikkje vert undergraven. Dramatisering av bibelske tekstar og emne bør nyttast i avgrensa omfang og med stor varsemd og ein bør unngå å overdriva bruken av ytre rammer (kostymer, scener o.l.)

Idrett

Fysisk aktivitet er viktig for å ta vare på kroppen. Han trenar opp vilje og evne til å halda ut og kan gje høve til positiv innsats på andre livsområde.

Idretten kan utvikla godt kameratskap og evne til samarbeid, men han kan og innebera fare på forskjellige område, for eksempel når det gjeld misbruk av heilag dagar, dårleg miljø, bruk av doping- og rusmidlar, idol-dyrking og galen bruk av tid og pengar.

Ofte har leiken og den sunne fostringa måtta vika plassen for einsidig trening og usunn sjølvhevdning. Dette tek skulen avstand frå.

Det er viktig at elevane vert øvde opp til å oppleve gleda ved å bruka kroppen til leik og fysisk aktivitet.

Læremiddel

Lærarane har ansvaret for å gjera seg kjende med kva skulen har av lærebøker og andre hjelpemiddel, og gjera bruk av desse på ein medviten måte.

Spesielt vil vi retta merksemda mot:

Lærebøker

Lærebøkene er i praksis det viktigaste læremiddelet i skulen. For å nå skulen sine mål, burde alle lærebøker som vert brukte, vera i samsvar med det livssynet og dei haldningane som skulen står for.

Sjølv om leiinga ved skulen vil vera svært kritisk ved vurdering, godkjenning og val av lærebøker, er det uråd å hindra at bøker i større eller mindre grad formidlar stoff som vi gjerne ville ha unngått eller vinkla på ein annan måte.

Lærebøkene må difor aldri styra skulen si undervisning i faga, men må brukast som ein viktig reiskap mellom fleire andre til å formidla det planane seier om innhaldet i faga.

Film og video

Film og video kan i mange samanhengar vera verdifulle hjelpemiddel i undervisninga. Desse hjelpemidla har ofte ei spesiell kraft til å påverka i forhold til andre læremiddel. Ein må difor vera spesielt varsam med kva ein vel å syna for elevane.

Andre forhold

Orden og åtferd

Den overordna norma for åtferd hjå alle partar i skulesamfunnet er Jesu ord: ”Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei.”

Skulen har ordensreglar. Ordensreglane må gjerast kjend for lærarane, elevane og foreldra.

Yrkesetikk

Det er viktig at lærarane ser sitt arbeid som eit kall og ei teneste for Herren. Skulen føreset at lærarane byggjer undervisninga si på skulen sitt grunnlag og formål. Respekten for det einskilde individet tilseier samtidig ei undervisning og oppseding som gjev rom for motførestellingar og tvil.

Disiplinære tiltak må ikkje kunna oppfattast som krenkjande og sårande. Dei bør så langt råd er, vera naturlege konsekvensar av regelbrot, og ei rettferdig handheving av den autoriteten Gud har gjeve føresette i ein oppdragarsituasjon.

Forvaltingslova sine reglar om teieplikt gjeld for skulen. Lærarane kan i einskilde tilfelle ha brei kontakt med omgangskrinsen til elevane. Difor må teieplikta takast spesielt alvorleg av alle tilsette ved skulen. Personvernet skal og praktiserast i det kollegiale samværet og i familie og vennekrets.

For at elevane skal oppleva ei heilskapleg undervisning, må lærarane samarbeida både om den einskilde eleven og om opplegg for undervisninga.

For alle tilsette er det vesentleg å vera seg bevisst at dei formidlar etiske haldningar heile tida – både med det ein seier og det ein gjer.

Likestilling og likeverd

Bibelen lærer fullt likeverd mellom mann og kvinne, men det inneber ikkje likskap i alle funksjonar.

På den eine sida må ein gleda seg over alt som fremjar likeverd mellom kjønna. På den andre sida må ein ha ei medviten haldning til ein u-bibelsk likestillingsideologi. Den vil øydeleggja den ordninga for forholdet mellom mann/kvinne som Gud har fastsett.

Skulen vil difor ikkje nytta kvinnelege prestar/eldste i undervisning eller forkynning.

Toleranse

Toleranse må bli fremja etter si eigentlege meining. Det tyder at ein viser andre menneske den same respekten som ein ønskjer for seg sjølv, og at ein respekterer andre sin rett til å stå for eit anna syn enn det ein sjølv eller fleirtalet har. Dette inneber ikkje at ein skal rekna alt for likeverdig og alle åndsretningar for like rette. Det er viktig å læra elevane opp til å sjå forskjellane på toleranse og relativisme.

Forvaltning

Mennesket er sett som forvaltarar over Guds gåver. Både dei materielle verdiane og naturen rundt oss må forvaltast etter Bibelen sitt ord. Viktig i vår tid er ordet om at gudsfrykt med nøysemd er ei stor vinning.

Organisasjon, opptak og økonomi

Organisasjon

Skulen er ein frittståande kristen grunnskule med basis i Jærtun Opplæring. Skulen har same grunnlag og formål som Jærtun Opplæring (sjå side 3 – 6).

Skulen har eit skulestyre. Dette vert valt etter vedtektene for Jærtun Opplæring og Jærtun Lutherske Friskule. Skulestyret har ansvaret for at skulen vert driven i samsvar med gjeldande lover, planar og instruksar. Det har og personal- og økonomiansvar. Ved skulen fungerer dei rådsorgana offentleg lovverk krev.

Opptak av elevar

Skulen er open for alle som ynskjer å gå på ein kristen skule, og som gjev si tilslutning til skuleplanen. Det føreligg eigne retningslinjer for opptak av elevar.

Økonomi/skulepengar

Skulen er godkjend etter ”lov om tilskot til private grunnskolar”, tilskotsregel nr 7. Skulen får etter friskulelova offentleg tilskot til drifta. Dette tilskotet dekkjer 85% av fastsett normalsats slik at skulen er avhengig av skulepengar og anna støtte. Satsen for skulepengar vert fastsett av styret.